



Arkivnr: 2014/187-1  
Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		22.01.2014
Fylkesutvalet		30.01.2014

## Høyringsuttale til forslag om endringar i skiltforskrifta m.v.

### Samandrag

Vegdirektoratet har i brev frå 20.11.2013 sendt på høyring forslag til endringar i «Forskrift om offentlege trafikkskilt, vegoppmerking, trafikkklyssignaler og anvisningar (skiltforskriften)» og endring i «Forskrift om forenklet forelegg i vegtrafikksaker» (vedlegg 1). Endringsforslaga omhandlar nye serviceskilt og opplysingsskilt, uttalerett for fylkeskommunane i fartsgrensesaker og høve til å nytta sanksjonar i samband med arbeidsvarsling. Høyringsfristen er sett til 20.2.2013.

Fylkesrådmannen er nøgd med dei føreslegne skiltendringane. Fylkeskommunane sin uttalerett for fastsetjing av fartsgrenser bør heimlast i skiltforskrifta, slik Vegdirektoratet foreslår. Fylkesrådmannen er også samd med Vegdirektoratet i at Regionkontora i Statens vegvesen bør vera skiltstyresmakt for alle offentlege og private vegar og stør også Vegdirektoratet sitt forslag til endringar i §34 i Skiltforskrifta, som gjer det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når vegarbeidet ikkje vert varsla slik som påbode.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er nøgd med føreslegne skiltendringane, omtala i høyringbrevet frå Vegdirektoratet frå 20.11.2013. Det er særleg behov for eit eige skilt som syner hurtigladestasjonar for elbilar.
2. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at fylkeskommunane sin uttalerett i fartsregulerings saker bør heimlast i skiltforskrifta.
3. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at Regionkontora i Statens vegvesen bør vera skiltstyresmakt for alle offentlege og private vegar, som også vil omfatta Bergen og andre byområde. Fylkesutvalet tek ikkje stilling til forslaget om at skiltmynde for kommunal veg også kan heilt eller delvis vidaredelegerast til politi med god trafikkteknisk kompetanse.
4. Fylkesutvalet stør Vegdirektoratet sitt forslag til endringar i §34 i Skiltforskrifta, som gjer det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når vegarbeidet ikkje vert varsla slik som påbode.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Vedlegg nr. 1 - Høyringsbrev frå Vegdirektoratet , frå 20.11.2013

## Fylkesrådmannen,06.01.2014

### Bakgrunn

Vegdirektoratet har i brev frå 20.11.2013 sendt på høyring forslag til endringar i «Forskrift om offentlege trafikkskilt, vegoppmerking, trafikksignaler og anvisningar (skiltforskriften)» og endring i «Forskrift om forenklet forelegg i vegtrafikksaker» (vedlegg 1). Endringsforslaga omhandlar nye serviceskilt og opplysingsskilt, uttalerett for fylkeskommunane i fartsgrensesaker og høve til å nytta sanksjonar i samband med arbeidsvarsling. Høyringsfristen er sett til 20.2.2013.


### Frå høyringsnotatet

Nedanfor er gjenngjeve hovudpunkta i høyringsframlegget. For meir detaljert informasjon, syner fylkesrådmannen til vedlegget i saka.

#### Skilt endringar

##### Tungtrafikkfelt

Vegdirektoratet foreslår å ta inn følgjande to nye opplysingsskilt i skiltforskrifta - Skilt 506 Tungtrafikkfelt og skilt 507 Slutt på tungtrafikkfelt.



*Skilta opplyser om køyrefelt for motorvogn med godkjent totalvekt høgare enn nemnt på skiltet. Feltet kan også nyttast av uniformerte uttrykkingskøyretøy.*

##### Automatisk trafikkontroll (ATK)

Mange blandar saman strekningsvis- ATK og punktvis- ATK. Det vert derfor foreslått å få eit eige opplysningsskilt for streknings- ATK. Per i dag vert ATK, både punktvis og strekningsvis, skilta med det same hovudskiltet – eit blått opplysningsskilt med bilete av eitt kvitt kamera (skilt 556). Ved streknings ATK er underskiltet «*Strekningmåling i tunnelen*» blitt nytta, og på vegen elles har ein berre vist til målestrekninga t.d. «0 - 3 km».



*Det nye skiltet for strekningsmåling (skilt 556.2) med bilete av to kamera, vil ha underskiltet «strekningmåling» i ein overgangsfase. Underskilt som syner km. målestrekning og underskiltet «Strekningmåling i tunnel» vil bli nytta som før. Det er også aktuelt å nytta eit underskilt med 80km/t fartsgrenseskilt i miniatyr.*

##### Farleg gods skiltet (308)

Ordlyden i farleg gods forbodsskiltet er foreslått endra frå å visa til ei konkret forskrift til at det no vert vist til «den til enhver tid gjeldende forskrift om landtransport av farlig gods.»

##### Serviceskilt for hurtiglading

Vegdirektoratet foreslår eit serviceskilt for hurtiglading av motorvogn.



*Skilt 609 Hurtiglading for motorvogn, basert på det svenske skiltet «H27 Laddstation»*

##### Vegvisingskilt for godshamn

Vegdirektoratet foreslår eit eige skilt for å visa veg til godshamner:



Skilt 776 Godshavn

#### Rundkøyringsmarkering

Det vert lagt opp til auka bruk av markeringar i vegbana i rundkøyringar for å tydeleggjera kor ein skal køyra. Vegdirektoratet foreslår å ta inn eit nytt skilt i skiltforskrifta i kapittel 10 Markeringsskilt m.m., som nytt nr. 950. Skiltet skal stå inne i rundkøyringa og er bøygd i sirkel.



#### Fartsgrenser - uttalerett

Statens vegvesen har etter §26 i skiltforskrifta vedtaksmynde for fartsgrenser på riksvegar, fylkesvegar og private vegar. NA rundskriv 2011/7 gjev fylkeskommunane ein uttalerett som per i dag ikkje følgjer av skiltforskrifta. Vegdirektoratet meiner at denne retten også bør gå fram av skiltforskrifta og foreslår derfor å endra §26 nr. 1 tredje ledd til å lyda som følgjer (endringa er understreka):

«Før vedtak treffes etter første eller annet ledd, skal politiet få uttale seg. Før regionvegkontoret treffer vedtak, skal også fylkeskommunen og kommunen få uttale seg.»

#### Styresmakt for trafikkregulerande skilt

Politiet er styresmakt for trafikkregulerande skilt i ein del større bykommunar, mellom anna i Bergen. I landet elles er regionvegkontora styresmakt for trafikkregulerande skilt. Vegdirektoratet foreslår no å overføra skiltmynde frå politiet til regionvegkontora. Overføringa av skiltmynde til regionvegkontora reknar Vegdirektoratet med vil gje forenkla reglar og kunna frigjera polititressursar. Vegdirektoratet foreslår også at vedtaksmynde for trafikkregulerande skilt på kommunal veg heilt eller delvis kan delegerast til kommune eller politi med god trafikkteknisk kompetanse. I høve til gjeldande reglar i §28 c i skiltforskrifta, er det nytt at vedtaksmynde no vert foreslått også kan delegerast til politiet.

#### Arbeidsvarsling – sanksjonar

Vegdirektoratet går inn for å gjera det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når arbeidet ikkje vert varsla slik det skal gjerast. Vegdirektoratet ønskjer å gjera slike endringar i §34 i Skiltforskrifta (ny tekst er understreka, tekst som utgår er streka over):

«1. Ethvert arbeid kan stanses av skiltmyndigheten eller politiet inntil de nødvendige sikrings tiltak er iverksatt, dersom forholdet kan utgjøre en fare. Likeledes kan arbeidet stanses dersom varsling eller sikring ikke er utført i henhold til godkjent plan e.l. og dette skaper vesentlige ulemper for trafikkavviklingen.

2. Delegering av ansvar etter § 33 nr. 2 for gjennomføring og oppfølging av skiltplan kan unnlates eller trekkes tilbake for kortere eller lengre tid til utførende etat eller entreprenør som ikke retter seg etter pålegg gitt av skiltmyndigheten, vegmyndigheten eller politiet, eller som i løpet av tolv måneder har mottatt to slike pålegg, uavhengig av om disse i ettertid er fulgt opp»

#### Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen er nøgd med dei føreslegne skiltendringane. Høve til å etablera tungtrafikkfelt og betra skilting av veg til godshamner er positivt for nyttetransporten. Talet på elbilar er sterkt aukande. Det siste året har elbilparken i Hordaland meir enn dobla seg og nye hurtiglade stasjonar er under etablering. Det er behov for eit eige serviceskilt for hurtiglading av motorvogn, slik Vegdirektoratet gjev framlegg om.

Fylkeskommunane har etter NA- rundskriv 2011/17 uttalerett for fastsetjing av fartsgrenser. Hordaland fylkeskommune har vanlegvis ikkje hatt merknader til fartsregulerings sakene frå Statens vegvesen. Det er

likevel viktig å ha uttalerett. Fylkesrådmannen er samd med Vegdirektoratet i at uttaleretten bør heimlast i skiltforskrifta.

Fylkesrådmannen er samd med Vegdirektoratet i at Regionvegkontora i Statens vegvesen bør vera skiltstyresmakt for alle offentlege og private vegar, som også vil omfatta Bergen og andre byområde. Samling av all skiltmynde hjå ein instans vil kunna sikra meir einskapleg skiltpraksis innanfor eit større geografisk område. Fylkesrådmannen tek ikkje stilling til forslaget om at skiltmynde for kommunal veg også kan heilt eller delvis vidaredelegerast politi med god trafikkteknisk kompetanse. Denne endringa gjeld kommunalt ansvarsområde. Fylkesrådmannen finn det meir nærliggjande at kommunane eventuelt gjev slike uttalar.

Fylkesrådmannen stør Vegdirektoratet sitt forslag til endringar i §34 i Skiltforskrifta, som gjer det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når vegarbeidet ikkje vert varsla slik som påbode. Det er viktig at brukarane av vegen får god og påliteleg informasjon i tide for å sikra god framkome og trafikktryggleik.